



Hardanger



Hardanger
Ungdomsråd
... med øye for framtid!

Til
Stortingsrepresentant Terje Breivik

Kopi
Stortingsrepresentant Kjersti Toppe
Ordførarane i Hardanger
Helse Bergen, Helse Fonna , Helse Vest

Kinsarvik 22.05.2018

VEDRØRANDE:

**HARDANGER UNGDOMSRÅD BER OM AT RESPONSTID FOR AMBULANSE VERT
LOVFESTA I NORGE, DVS MAX 12 MINUTT I BY OG MAX 25 MINUTT I BYGDA.**

Me i Hardanger Ungdomsråd synest det er rart at det ikkje er same lovkrav til responstid for ambulanse som for brann.

I dag vert anbefalt responstid ofte overskride med mange hundre prosent, og det er ikkje akseptabelt. Difor ber me om ny lov.

Ein har rett på same tryggleik sjølv om ein bur i distriktet. Den anbefalte responstida utanfor tettbygde strøk er i dag 25 min, men historiane der denne tida er både to-og tredobla er mange. Dessutan er legevakt tilbodet er ulikt tilgjengeleg då avstandande har blitt større og legekontora færre etter reform. Det kan skje noko uansett kor ein bur, også på bygda.

Slik det er i dag er det ofte brannvesen som er først ute til ein ulykkesstad. Brannvesen er ofte driven på frivillig basis, og det er eit stort ansvar å leggja på dei frivillige dersom dei kjem først til ei ulykke der det står om liv og død. Tilbod på tenester frå Politiet er og ulikt tilgjengeleg i distrikta då desse avstandande og har blitt større etter reforma.

I distrikta er det og mange risikofylte arbeidsplassar. Det er sjølv sagt at risikoene for ei ulykke er betydeleg mykje høgare for bønder, fiskeoppdrettarar eller skogbrukarar enn den er for dei som arbeider på kontor i meir sentrale strøk. Miljø og klimaendring gjer og at det vil bli meir ekstremvær som kan gjera det vanskeleg å koma fram. Då er det avgjerande å ha livreddande hjelp nært. Distrikta våre vert ikkje attraktive dersom ein ikkje har grunnleggjande føresetnad for å kjenna seg trygg.

Me ungdommar synest det er rart at det ikkje er same lovkrav til responstid for Ambulanse som for Brann, og me meiner at det skal vera like sikkert å bu i distrikta som i byane. I dag vert anbefalt responstid ofte overskride med mange undre prosent, det er ikkje akseptabelt.

Hjarteleg helsing
Tiril Eiken
Leiar Hardanger Ungdomsråd

Trude Lægreid Rinaldo
Sekretær Hardanger Ungdomsråd / konsulent
Hardangerrådet
Hardangerrådet signerar digitalt